



Til:  
Arkitektkontoret A38 v/Rolf Sande  
Årdal Boligbyggelag

**Dok. ref.**  
23/1256-4/K1-140/8705

**Dato:**  
11.09.2024

## Møtereferat - Planinitiativ Storevegen 9 - 11

Møtetittel:	Førehandskonferanse – Planinitiativ Storevegen 9 – 11
Møtedato:	28.08.2024
Møtetid:	09:30 – 10:30
Møteleiar	Sebastian Hjertager Lund
Møtestad:	Rådhuset, Årdal kommune
Deltakarar:	Sebastian Hjertager Lund, Martin Ramsland Stensaker, Mona Fykse, Ellen Petrine Fretheim, Line Moen og Rolf Sande
Kopi til:	

På bakgrunn av planinitiativ for Storevegen 9 – 11 innsendt til Årdal kommune, vart det kalla inn til eit oppstartsmøte for å avklare de vidare planarbeidet.

### Gjennomgangen i møtet

- På spørsmål om politisk handsaming av planinitiativet vart det lagt til grunn at det skal handsamast i førstkommande formannskapsmøte 17.09.2024.
- Som eit vilkår for det vidare arbeidet med detaljreguleringsplan for Storevegen 9 – 11 vart det bestemt at planstiller og kommunen må ha ein tett dialog. Dette er grunna i at kommunen er i gang med utarbeiding av ny områdereguleringsplan for sentrum i Øvre Årdal.
- Varsel om oppstart av planarbeidet med Storevegen 9 – 11 sendast ut etter at planinitiativet er handsama politisk.
- Kommunen lagar SOSI-fil som kan nyttast som kartgrunnlag for planstiller. SOSI-fila ligg som vedlegg 5. Desse vert sendt i eige mail grunna filtypen.
- Kommunen legg til grunn at overvatnshandtering skal løysast med vegetasjon og synlege løysingar der det let seg gjere. Sjå vedlagd plan for vann, avløp og overvatn. Vedlegg 6. Overvatn frå t.d. tak kan koplast på kommunalt overvassnett.
- For å tilfredsstille rikspolitiske retningslinjer for barn og unges interesser i planlegginga vert det synt til vedlegg 7.
- Det er gjeve eigne føresegner for fargeval i sentrumsområdet i Øvre Årdal. Sjå vedlagd fargeplan i vedlegg 8.
- Grunna at det er plassert eit tilfluksrom i fjellet bak byget, må sivilforsvaret varslast.
- I vedlegg 9 ligg nyleg utarbeidd områdeanalyse for Øvre Årdal. Analysen dannar grunnlaget for den nye sentrumsplanen kommunen skal utarbeide. Kommunen ber



om at denne også vert lagt til grunn for planarbeidet med Storevegen 9 – 11.  
Vedlegget blir send i eige mail.

**I planinitiativet vart det lista opp fleire konkrete spørsmål som planstiller ynskjer svar på:**

1. Skredfare: Skredfarekartlegging frå 2023 syner at heile bygget ligg utanfor faresone for skred. Bakgard og veg bak bygget ligg innanfor faresone for skred 1/1000 & 1/5000 sannsyn. Sjå vedlegg 1.
2. Geotekniske undersøkingar: Kommunen stadfestar at det ikkje er gjennomført geotekniske undersøkingar tidlegare. Dette må gjennomførast av planstiller etter NVE sin rettleiar 1/2019. Sjå vedlegg 2
3. Parkering: Kommunen legg til grunn 1 parkeringsplass pr. 100 m2.
4. Planprosess/sakshandsamingstid: Sakshandsamingstid for private detaljreguleringsplanar hjå kommunen er 12 veker.
5. Nabovarsel/høyring: Alle relevante offentlege instansar må varslast t.d. Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren, NVE m.m. Vedlegg 3 inneheld naboliste for rørte partar av planinitiativet.
6. Plangrense: Kommunen legg til grunn at planavgrensinga skal omfatte bygga som inngår i planarbeidet, samt vegarealet aust, vest og nord for bygga. Gang og køyrevegarealet sør for bygga kan inngå i avgrensinga, men må følgje same føresegn som for områdereguleringsplanen kommunen er i gang med.

Jf. § 12-8 i plan- og bygningslova skal planstiller fylle ut ein oppstartsmøtereferat mal i forkant av oppstartsmøtet. Sjå vedlagd mal (vedlegg 4), og fyll ut alle felt markert i gult. Kommunen fyller inn dei resterande kvite felta, og planstiller vert deretter innkalla til eit oppstartsmøte

Sebastian Hjertager Lund  
Kommuneplanleggjar